



Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 04.06.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Formannskapsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenderet. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på dokumentsenderet.

Sakliste

Saknr	Tittel
38/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
39/2014	Godkjenning av møtebok
40/2014	Referatsaker
41/2014	Aktuelle saker
42/2014	Orientering av rådmannen
43/2014	Økonomisk rapportering pr april 2014
44/2014	Revidering av driftsbudsjett for 2014
45/2014	Økonomiplan 2015 - 2018
46/2014	TV-aksjonen 2014 - Oppretting av kommunekomite
47/2014	Søknad om refusjon av kommunalt gebyr frå Meland Motorsportklubb
48/2014	Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering
49/2014	Kommuneplan arealdel 2014-2026 - høyring og offentlig ettersyn

28. mai 2014

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
39/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Godkjenning av møtebok 30.04.14

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 30.04.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/2315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
40/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Referatsaker

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland		14/2315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
41/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Aktuelle saker

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/2315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Orientering av rådmannen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/2544

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Økonomisk rapportering pr april 2014

Vedlegg:

- 1-Sum status drift pr april 2014
- 2-Status investeringar pr april 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus. Det er fortsatt tidleg i året og framleis vanskeleg å estimere avvik på lønspostar og andre kostnadspostar ut frå forbruk hittil i år. Det er difor ikkje teke med rekneskapstall påløpt pr april i det heile, berre oppdatert prognose for året 2014.

Kommentarar til driftsrapport:

Ordinære avvik skal dekkast inn innanfor eksisterande rammer som tenesteområdet er tildelt. Vedlagte tenesterapportering frå drifta pr 28. februar syner likevel allereie no eit betydeleg positivt budsjettavvik for 2014 med til saman kr 14,9 mill.

Eit godt resultat for 2013 inneber at vi ikkje har trong for avsetninga til udekkta underskot i budsjettet for 2014 på kr 13,8 mill. Samstundes ser vi at skatteinngangen og inntektsutjamninga i sum vert kr 3,8 mill. lågare enn budsjettet. Eigedomsskatten ser ut til å kunne bli kr 0,5 mill høgare enn budsjettet, og i sum kjem vi på finansområdet ut med ei meirinntekt på kr 10,5 mill.

Det andre området der vi ser at vi får eit større mindreforbruk i forhold til budsjett er på tilskot til private barnehagar. Vi ligg førebels an til innsparing på kr 5,2 mill.

I Marihøna barnehage er det venta innsparing på løn med kr 0,3 mill grunna at ein ikkje har føreteke tilsetjing i ledig stilling som følgje av at barnetallet vert lågare enn budsjettet for hausten 2014.

Andre tenesteområde rapporterer så langt at drifta går ihht. budsjett, unnateke på Grasdal skule der tilsetjing av ein ekstra lærar vil føre til at kommunen får eit meirforbruk for 2014 med kr 0,5 mill.

Sjølv om tenesteområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer også i 2014, og tiltak bl.a. innan Helse er sett i verk for å redusere drifta. Nokre tenesteområde, mellom anna Rosslund skule, har tidlegare varsla at dei ifrå neste skuleår (hausten 2014) kan få trong for auka budsjetttrammer. Administrasjonen vil utgreie slike saker nærare før ein konkluderer.

Kommentarar til investeringsrapport:

Sjå vedlegg 2. Ingen spesielle kommentarar ut over det som kjem fram i rapporten. Sjukeheimsutbygginga snart ferdig innanfor vedtekne budsjетtrammer.

Vurdering

Saka har ikkje direkte konsekvensar på Folkehelse og Miljø.

Framlegg til vedtak:

Budsjетtrappert med prognose for april 2014 vert teken til vitande

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 150, FE - 216	14/2543

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Revidering av driftsbudsjett for 2014

Vedlegg:

Rammer revidert budsjett 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i følgjande har det framkomme behov for å justere budsjettet for 2014:

- årsrekneskapen for 2013
- informasjon frå dei månadlege økonomiske rapporteringane
- arbeidet med berekning av tilskotet til dei private barnehagane for 2013 og for 2014
- arbeidet med økonomiplanen for perioden 2015 – 2018

1. *Revidering av budsjetterte inntekter og netto finansposter:*

Årsrekneskapen for 2013 kjem ut med overskot, og det er såleis ikkje trong for avsette midlar i budsjettet for 2014 på kr 13,8 mill til inndekning av tidlegare års meirforbruk.

Skatteanslaget for 2014 for Meland kommune er oppdatert i prognosemodellen frå KS som kommunen nyttar til berekning av rammetilskot og skatteinntekter i samband med økonomiplanarbeidet for åra 2015-18. Prognosane for 2014 syner at veksten i skatteinntektene nasjonalt og i Meland kommune vert lågare enn rekna med i budsjettet. I tillegg har kommunen færre innbyggjarar pr 1. januar 2014 enn rekna med i opphavleg budsjett, noko som reduserer forventa skatteinntekter monaleg, med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill. Dette inneber ei auke på 4,4% frå 2013, medan veksten i rekna med i opphavleg budsjett frå 2013 var på 8,5%.

Tek ein omsyn til at skatteinntektene i 2013 vart høgare enn rekna med, treng vi ein vekst i skatteinntektene på 6,6% i 2014 for å nå budsjettet. Prosentvis er såleis prognosen for skattevekst i 2014 2,2% lågare enn kva han må vere for å nå budsjettmålet for 2014.

Utskriving av 1. termin av eigedomsskatten for 2014 tyder på at inntekta frå eigedomsskatten totalt vert for 2014 vil verte kr 0,5 mill høgare enn budsjett. I sum gjer vi difor framlegg om å redusere inntekta i revidert budsjett for 2014 frå skatt og eigedomsskatt med netto kr 3,3 mill.

Sum inntekter og finansposter vert netto auka med tilsaman kr 10,5 mill.

2. **Revidering av budsjettert utgiftsramme:**

a. Drift av Marihøna barnehage:

Som følgje av at barnehageopptaket for hausten 2014 viser at det vert 6 færre born i Marihøna barnehage har ein redusert bemanninga i barnehagen tilsvarande ein årseffekt på kr 300.000,- i lønnskostnadar, og ein gjer framlegg om å redusere utgiftsramma tilsvarande.

Kombinasjonen av reduserte lønnskostnadar og redusert barnetal gjev netto ein kalkulert reduksjon i tilskot til dei private barnehagane med kr 1,1 mill. Denne effekten er inkludert i framlegg til budsjettjustering av tilskotet til dei private barnehagane med kr 5,2 mill i punktet nedenfor.

a. Drift av Marihøna barnehage:

Som følgje av at barnehageopptaket for hausten 2014 viser at det vert 6 færre born i Marihøna barnehage har ein redusert bemanninga i barnehagen tilsvarande ein årseffekt på kr 300.000,- i lønnskostnadar, og ein gjer framlegg om å redusere utgiftsramma tilsvarande.

Kombinasjonen av reduserte lønnskostnadar og redusert barnetal gjev netto ein kalkulert reduksjon i tilskot til dei private barnehagane med kr 1,1 mill. Denne effekten er inkludert i framlegg til budsjettjustering av tilskotet til dei private barnehagane med kr 5,2 mill i punktet nedenfor.

b. Tilskot til private barnehagar:

I kommentarane til budsjettet for 2014 skreiv vi at vi rekna med at vi med utsetting av framlegg til forskrifts-endring vedrørande berekningsmodell for tilskot til private barnehagar ville få ei innsparing på kr 10 mill. Etter at barnetall i den kommunale og den private barnehagen er klarlagt pr 15.12.2014 ser vi at vi ikkje får så stor innsparing.

Vi gjer framlegg om å redusere budsjettert tilskot til dei private barnehagane med kr 5,2 mill.

Færre barn i den kommunale barnehagen enn rekna med aukar tilskotssatsen monaleg. I tillegg er det fleire born i dei private barnehagane enn vi rekna med i budsjettet, og dette aukar den totale budsjettsummen. I budsjettet tok vi dessutan ikkje omsyn til effekten av premieavviket for pensjon ved berekning av tilskotssatsen, noko som åleine aukar forventa tilskotssats med nær 3 mill.

Etter budsjettjusteringa er tilskotet for 2014 budsjettert med kr 4,8 mill meir enn det som det vedtekne budsjettet for 2014 la opp til.

c. Ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane

Som følgje av signal frå politisk hald etter dialogmøtet 16. mai med dei private barnehagane legg rådmann opp til å auke driftsramma for 2014 med kr 3,1 mill for å kunne ha dekning til å utbetale eit eventuelt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane. Summen svarar til det kommunen vil krevje tilbakebetalt frå dei private barnehagane som følgje av innsparingar i rekneskapen til kommunen i 2013. Det er ikkje aktuelt å gjere dette som endring av rekneskapen for 2013, men tilskotet vert å bokføre i 2014.

Som del av grunnlaget for utbetaling av eit slikt ekstraordinært tilskot ser rådmann for seg at det vert inngått avtaler med barnehagane som sett vilkår, planar og prinsipp for korleis kommunikasjonen mellom kommunen og dei private barnehagane skal vere framover. Det er og viktig for kommunen at ikkje dette tilskotet har effekt på den forskriftsmessige utrekninga av tilskotssatsar, men vert å rekne utanom dette. Kommunen vil før ein endeleg fastset korleis eit slikt tilskot formelt kan grunnjevast, sørgje for å sikre kva regelverket gjev anledning til å utbetale utan at det bind kommunen i forhold til berekning av framtidige tilskotssatsar.

d. Grasdal skule

Grasdal skule har oppretta ei ny lærarstilling i januar 2014 som gjer at ein ikkje klarer å halde budsjettamma for 2014. Rådmann gjer framlegg om å auke utgiftramma med kr 0,5 mill for å dekke inn denne stillinga.

Andre tenesteområde

Andre tenesteområde har så langt ikkje meldt om vesentlege forventa budsjettavvik som ikkje kan dekkast inn innanfor eksisterande rammor.

Vurdering

Budsjettendringa har ikkje effekt på område i budsjettet som vil vedrøre folkehelse eller miljø.

Konklusjon

Rådmann gjer såleis framlegg om å gjere følgjande endringar i budsjettet for 2014:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,9 mill til kr 381,1 mill. Fordelinga ramma vert som spesifisert i utgreiinga i pkt 2 a-d over.

Framlegg til vedtak:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,9 mill til kr 381,1 mill.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 145, FE - 150	14/2448

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Økonomiplan 2015 - 2018

Vedlegg:

Følgjeskriv - Kommuneopplegget

Skriv frå Fylkesmannen - Revidert nasjonalbudsjett 2014 og kommuneopplegget for 2015

Økonomiplan 2015 - 2018 Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har tidlegare lagt fram økonomiplan saman med budsjettet for neste år til handsaming på siste møte i desember i året. Som tidlegare signalisert har vi vald å endre på dette ved å legge fram økonomiplan til handsaming no i juni i god tid før det detaljerte budsjettarbeidet på hausten skal starte opp. Økonomiplanen gjev då retning og rammer for budsjettarbeidet, og det vert anledning til ein politisk diskusjon og vedtak om kva prioriteringar som ein ynskjer skal leggjast til grunn når ein utarbeider budsjettet.

I økonomiplanen kan ein og trekke opp eit langsiktig perspektiv og vurdere dei langsiktige utviklingstrekk som må leggjast til grunn for dei økonomiske prioriteringane som kommunen må gjere. For Meland som vekstkommune er dette spesielt viktig. I det vedlagte framlegg til økonomiplan for perioden 2015 – 2018 ser vi at kommunen har særlege utfordringar når det gjeld å møte behov som følgje av elevtalsauken i skulen og kostnadsake som følgje av behov for fleire barnehageplassar.

Økonomiplanen er basert på dei signala som kom i kommuneproposisjonen 14. mai når i år, der det vert lagt føringar på korleis regjeringa legg opp til at kommuneøkonomien skal vere dei neste åra. Vi har deretter fokusert på å dokumentere forventna folketalsutvikling. Denne legg grunnlag for å berekne framtidig inntektsgrunnlag for kommunen, men og på kva område kommunen må prioritere tiltak og dermed de tilgjengelege utgiftrammene som ein må prioritere ressursbruken innanfor.

Forøvrig viser rådmann til det vedlagte økonomiplandokumentet for ytterlegare kommentarar til den økonomiske utviklinga og dei vurderingar og prioriteringar som er gjort.

I økonomiplanen sitt 4.2 er dei inntekts- og utgiftsrammer spesifisert som ein har til rådvelde i økonomiplanperioden, og som danner grunnlaget for dei prioriteringar som rådmannen må gjere i det vidare arbeidet med budsjettet for 2015 og planarbeid som skal danne grunnlag for den vidare utviklinga i kommunen.

Rådmannen vil saman med budsjettet for 2015 leggje fram eit oppdatert økonomiplandokument der ein tek inn endringar som kjem statsbudsjettet når endelege inntekter for 2015 kan bereknast og kommuneøkonomiopplegget for 2015 er endeleg fastsett. Ein vil og utgreie nærare dei utfordringar som kjem fram i økonomiplandokumentet, og oppdatere med evt. nye opplysningar for perioden 2016-2018.

Vurdering

Økonomiplanen har konsekvensar for både folkehelse, miljø og økonomi. Disse forhold er utreda i det vedlagte økonomiplandokumentet.

Konklusjon

Basert på vurderingane som er gjort i økonomiplanarbeidet har ein i vedlagte økonomiplan konkludert med følgjande årlege rammer, summert opp i netto sum av inntekter og finanspostar og utgiftsrammer:

<u>År (tall i mill kr)</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>
Ramme netto inntekter	384,1	395,4	404,8	414,4
Sum utgiftsramme:	376,4	387,5	396,7	406,1

Tala er i faste prisar, og det er ikkje lagt inn auke for løns- og prisvekst.

Framlegg til vedtak:

Vedlagte økonomiplandokument vert vedteke med følgjande økonomiske rammer for perioden 2015 - 2018:

<u>År (tall i mill kr)</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>
Ramme netto inntekter	384,1	395,4	404,8	414,4
Sum utgiftsramme:	376,4	387,5	396,7	406,1

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneloven § 44.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FA - X03	14/2190

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
46/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

TV-aksjonen 2014 - Oppretting av kommunekomite

Vedlegg:

Anmodning om å opprette kommunekomitè for TV-aksjonen NRK 2014
Registreringsskjema for bydels-/kommunekomiteer 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Årets TV-aksjon går til Kirkens Nødhjelp og deira arbeid med å skaffe varig tilgang til reint vatn for over ein million menneske i åtte land. Tilgang til reint vatn, tilfredsstillande sanitære forhold og kunnskap om hygiene er grunnleggjande forutsetningar for at enkeltmenneske kan ha eit godt, verdig liv og for samfunnsutvikling. Årets aksjon heiter «Vann forandrer alt», og vert søndag 19. oktober. Kommunekomiteen er avgjerande for å mobilesere organisasjonar, skular, næringsliv, foreningar, idrettslag og bøsseberarar. I år fyller TV-aksjonen 40 år.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Skriv inn forslag her

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	HistSak - 13/1855, FE - 233, FA - D11	14/1789

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
47/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Søknad om refusjon av kommunalt gebyr frå Meland Motorsportklubb

Vedlegg:

Søknad om refusjon av gebyr

Meland Motorsport klubb - Søknad om refusjon av kommunalt gebyr

Søknad om refusjon av gebyrer 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland Motorsportklubb søker i brev datert 10.12.2013 om refusjon og støtte til inndekning av handsamingsgebyr på kr 67 060 ved oppmålingsforretning og etablering av matrikkeleining av regulert friområde, gnr.47, bnr.3, og refusjon av handsamingsgebyr på kr 9 700 ved dispensasjonssøknad frå gjeldande regulering, gnr.47, bnr.3. Etableringa av matrikkeleininga og dispensasjonssøknaden står i samband med utgreiing av framtidig utbygging av motocrossbane, der klubben òg har søkt spelemidler på kr 1 000 000. Spelemiddelsøknaden blei godkjent i kommunestyret 11.12.2013, sak 087/13.

Vurdering

Meland Motorsportklubb grunngrir søknaden om refusjon med at dei i finansieringsplanen for utbygginga ikkje har økonomiske føresetnadar for å kunne betale utlegg på gebyr i denne storleiken. Lokalt næringsliv, som er bidragsytarar i utbygginga, kan på grunnlag av gebyrinnkrevjinga ville komme til å trekke tilbake støtte og innsats tilsvarande kr 268 000, noko som vil gjere at utbygginga ikkje vil vere fullfinansiert.

Meland idrettsråd ved leiar Bjørn Tore Hesjedal stiller seg i brev datert 02.04.2014 bak søknaden om refusjon, og tilrår at kommunen godkjenner den. Dei skriv mellom anna at «Å frafalle kommunale handsamingsgebyr i forbindelse med oppmålingsforretning og etablering av matrikkeleining, bør være en selvfølge siden det normalt ville være en kommunal oppgave å bygge idrettsanlegg».

Meland Motorsportklubb har munnleg oppgitt at dei etter å ha betalt gebyra ikkje har kapital til å drifte klubben frå og med juli dette år. Det er tenesteområde kultur si oppfatning at det vil vere svært vanskeleg å starte opp att drifta viss klubben får ei lengre nedetid, sjølv om dei skulle få inn ny kapital ved eit seinare tidspunkt. Klubben har ei svært omfattande, kunnskapskrevjande og komplisert drift, særleg sett i forhold til storleiken. Dei driv òg med inkluderingsarbeid for barn og

unge med særlege behov, og har fått tilskot til dette frå fleire hald. Tenesteområde kultur ser på innsatsen og arbeidet som blir lagt ned i Meland Motorsportklubb som svært positivt og med stor betydning for gode oppvekstvilkår og folkehelsa i kommunen. Klubben tilbyr eit alternativ til annan organisert aktivitet, har ein sterkt innsats mot dei som treng det mest og har opparbeida seg høg kompetanse på dette. Tilboda klubben driv har vakt interesse frå heile regionen og vekstpotensialet er høgt, men blir stansa av manglande banekapasitet. Meland Motorsportklubb er innstilt til kr 35 000 i «tilskot til drift av idrettsanlegg» og kr 6 971 over «tilskot til idrett» av dei kommunale kulturmidlane. Dette kan bidra til å hjelpe klubben vidare over sommaren, men er ikkje nok til at klubben kan få opp att eigenkapitalen til det nivået den var på før gebyra blei betalt, noko som er avgjerande for føreseieleg drift.

Å gi refusjon på kommunale gebyr til frivillige lag og organisasjonar vil skape presedens for kommande saker av liknande type. Det er ikkje eigen post for slike utlegg over kulturbudsjettet, og midlane må hentast frå andre postar. Kulturbudsjettet er pressa til det yttarste, mellom anna deler tenesteområdet ut over kr 250 000 meir i kulturmidlar i 2014 enn i 2012, innanfor relativt like rammer.

Konklusjon

Eit positivt vedtak vil gi presedens og kulturbudsjettet slik det er i dag er ikkje innretta på å ta høgde for slike kostnader. Tenesteområde kultur har ikkje tilgjengelege midlar til å tilgodesjå søknaden frå Meland Motorsportklubb. Viss den skal tilgodesjåast må midlane hentast over ein tilleggsbevilling.

Framlegg til vedtak:

Søknaden om refusjon av gebyr frå Meland Motorsportklubb blir avslått.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 034	14/2467

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014
39/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyrevedtak sak KS-058/12, møte 20.06.2012, vart oppgåver for forvaltningsrevisjonen i den kommunestyreperioden vi er inne i no, prioritert. Generell gjennomgang av kommunen si handtering av investeringsprosjekt var eitt av fire tema.

Kontrollutvalet har særskilt gått gjennom VA-prosjektet Fløksand – Vikebø, jf kommunestyret sitt vedtak i sak KS-19/2014 i møte 09.04.2014. Kommunestyret ba rådmannen følgje opp tilrådingane frå kontrollutvalet, slik dei går fram av utvalget sin rapport datert 24.01.2014:

- *Innarbeide nærare retningslinjer for- og krav til realisme i prosjektering og kostnadsanalysar for investeringsprosjekt*
- *Sikre at ein har rutinar som fangar opp akkumulert verknad av kostnadsoverslag for endringar på komande prosjekt.*
- *Vurdere å avklare gjennom økonomireglement, eller liknande, kor tid eit avvik er av ein karakter som krev av rådmannen fremjar sak om tilleggsløyving.*
- *Innarbeide rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon dersom det skjer vesentlege endringar kring omfang eller andre forhold som har innverknad på prosjektet.*
- *Vurdere å gjennomgå og forbetre interne rutinar for offentlege anskaffingar, mellom anna ved å ta i bruk regjeringa sin mal for protokoll for offentlege anskaffingar eller tilsvarande. Korrekt bruk av malen vil sikre oppfyljing av lovpålagte krav til dokumentering.*

Revisjonen sine tilrådingar er samanfallande med pågåande utviklingsarbeid i administrasjonen, der rådmannen m.a. har prioritert å styrke prosjektkompetansen i kommunen. Oppbygging av kompetanse og kapasitet starta hausten 2011, med begynnande verknad frå hausten 2012. I det følgjande ver det først gjort greie for organisering og styring av prosjektarbeidet i kommunen, deretter korleis dette svarer på tilrådingane frå kontrollutvalet / kommunestyret.

Ansvar og organisering

Ansvar for oppfølging av kommunen sine utbyggingsoppgåver er skriftleg gjort greie for og plassert ved Tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) frå 01.09.2012.

Det er frå same tid oppretta ei eiga faggruppe ved PUK, kalla Utbygging og forvaltning. Der er det daglege prosjektansvaret plassert, i lag med ansvaret for forvaltning av kommunale bygg og eigedomar. Fire stillingar er samla i faggruppa:

- Prosjektrådgjevar (tidl. stillingsheimel for prosjektansvarleg ved rådmannskontoret)
- Prosjektrådgjevar kommunaltekniske anlegg (ansvaret flytta frå drift og vedlikehald)
- Prosjektrådgjevar kommunale bygg (vakant, ny)
- Bygg- og eigedomsforvaltar (ansvaret flytta frå drift og vedlikehald)

Det er laga skriftleg funksjonsomtale for kvar stilling. Der er det lista opp ansvarsområde, oppgåver, styringsdokument og administrativ rapportering for kvar funksjon.

På denne måten har kommunen fått samordna kompetansen innan regelverket for offentlege anskaffingar, kontraktsrett og prosjektstyring med kompetanse kommunalteknisk, byggtknisk og juridisk kompetanse når alle stillingane er fylt opp. Administrasjonen arbeider vidare for å få på plass byggfagleg kompetanse.

Faggruppa har møte kvar andre veke saman med sektorsjefen og leiar for drifts- og vedlikehaldsavdelinga. Møtet handlar om statusoppdateringar på framdrift og løysingar på konkrete problemstillingar, og evt samordning med drifts- og vedlikehaldsavdelinga. Kwart prosjekt får ein ansvarleg, og det blir peika ut kven som elles skal delta ved gjennomføring. Det blir ført møtereferat.

Målet med organiseringa har vore: *Koordinere planlegging, prosjektering og gjennomføring av investeringsprosjekta med standardar for effektiv drift og små vedlikehaldskostnader. Plassere prosjektansvaret i eit større fagmiljø og dra nytte av kompetansen ved avdelinga i høve til alle faser av eit prosjekt, medrekna offentlege anskaffingar og plan- og byggesaksbehandlinga. Oppretting av eiga faggruppe skal sikre eit robust apparat med overlapping ved fråvêr og der ein kan dra vekslar på utfyllande kompetanse.*

Kompetanse

Frå hausten 2011 er det gjennomført systematisk oppbygging av kompetanse hjå prosjektmedarbeidarane i kommunen innan aktuelle tema:

- Avtalerett
- Offentlege anskaffingar
- Kontraktsrett og kontraktsstandardar ved ulike entrepriser
- Norsk standard for overtaking av bygg og anlegg
- Byggherrerolla ved styring av bygg- og anleggsprosjekt
- Byggherreforskrifta
- Norsk standard for Rådgjevingskontraktar (konsulentkjøp)
- Prosjektleiing, prosjektøkonomi
- Rammeavtalar

Framover er det nødvendig å prioritere oppdatering og vedlikehald av kunnskapen, i tråd med endringar i regelverket og samfunnet elles. Det er avgjerande for kvalitet og økonomisk resultat at kommunen kjenner regelverket og har full kontroll på kva krav som kan stillast til leverandørar, entreprenørar og konsulentar. Like viktig er det at kommunen har kontroll på framdrifta og har kapasitet til å følgje opp kvart enkelt anlegg i gjennomføringsfasen. God oppfølging ved igangsetting og gjennomføring av eit prosjekt har stor verknad for sluttresultatet.

Målet med å satse på kompetanseheving har vore: *Gjere kommunen mindre avhenging av konsulentar og gje kommunen ei sterkare og meir tydeleg rolle i høve til entreprenørar og leverandørar.*

Økonomistyring

1. Kalkyle

Investeringsoppgåvene blir prioritert gjennom den årlege behandlinga av økonomiplanen. Når rådmannen gjer framlegg om nye investeringsprosjekt, skal prosjektmedarbeidarane først kostnadsrekna tiltaket. Det blir gjort ut frå ei nærare definisjon av omfanget (t.d. frå ein skule; tal nye elevar, klasserom og andre rom), evt. plankrav, oppdaterte kostnadsindeksar og nye erfaringstal pr m² eller pr løpemetar frå tilsvarande bygg eller anlegg (t.d. i høve til kompleksitet). I kostnadsoverslaget legg ein inn ein margin for m.a. uføresette utgifter, for å få eit mest mogeleg realistisk bilete.

Tiltak som allereie er teke inn i økonomiplanen, blir kvalitetssikra for evt. oppdatering av kostnadsbiletet.

2. Gjennomføring

Når kommunestyret har godkjent ei investeringsoppgåve gjennom vedtak av årsbudsjett, får prosjektmedarbeidarane ansvaret for vidare planlegging, kostnadsrekning, prosjektering og oppfølging. Kvar utbyggingsoppgåve blir definert med prosjektplan, og med den kostnadsramma som går fram av kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett. Prosjektmedarbeidarane følgjer regleverket som gjeld for offentlege anskaffingar, kontrakstrett og entrepriserett. Det er som nemt særskilt viktig at kommunen har sikra seg solid kunnskap i denne fasen; om regelverket, om føresetnadene for god prosjektleiing og om faglege / tekniske problemstillingar og løysingar.

3. Rapportering

Rapport for investeringsprosjekta vert levert til økonomisjefen i tråd med dei rapporteringsrutinane som gjeld til ei kvar tid. Alle endringar eller avvik skal fangast opp i rapporten. Ved avvik frå vedtatt budsjett skal det fremjast eiga sak om budsjettendring.

Målet med utvikling av nye rapporteringsrutinar har vore: *Oversikt over investeringsoppgåvene skal vere ein integrert del av kommunen sitt plan- og rapporteringssystem, og handterast i samsvar med rådmannen sine delegerte fullmakter.*

Vurdering

Rådmannen vurderer at administrasjonen er kome i mål med organisasjonsendring, ny ansvarsstruktur og oppbygging av kompetanse. Kommunen hadde tidlegare ein særskilt liten stillingsressurs til å handtere investeringsoppgåvene, noko som gjorde kommunen relativt avhengig av at konsulentar og entreprenørar sjølv såg kva for løysingar som ville vere gunstig for kommunen, kvalitetsmessig og økonomisk. Her er det grobotn for at kryssande interesser tek overhand, og ingen garanti for eit godt resultat. Kommunen har pr. dato lukkast med å få tak i generell prosjektkompetanse og kommunalteknisk prosjektkompetanse, men manglar framleis bygningsfagleg kapasitet. Administrasjonen arbeider for å fylla også dette gapet.

Utbyggingsoppgåvene som står for tur framover vil bli kostnadsrekna, planlagt og prosjektert etter modellen som er presentert her. Rådmannen er trygg på at kommunen med dette har fått god kontroll på investeringsoppgåvene, i samsvar med tilrådingane frå kontrollutvalet m.o.t.

- Realisme i prosjektering og kostnadsanalyser
- Rutinar for endringar i kostnadsoverslaga
- Rutinar for god økonomirapportering
- Oppfølging av regelverket for offentlege anskaffingar og kontraktsrett / entrepriserett

Nå sjølve strukturen no er på plass, vil administrasjonen vidare prioritere arbeidet med å rekruttere kvalifisert personell, finjustere rapporteringsrutinane og utarbeide ein samla årsplan over pågåande prosjekt og nye prosjekt komande år. Denne kan inngå i kommunen sitt plansystem.

Folkehelse: ikkje aktuelt tema

Miljø: ikkje aktuelt tema

Økonomi: Positivt for kommunen sin økonomiske kontroll og samla ressursbruk.

Konklusjon

Rådmannen er godt nøgd med at den målretta satsinga dei siste 2-3 åra på å styrke kapasitet, kompetanse og økonomisk kontroll har lukkast så langt. Kommunen manglar framleis byggfagleg prosjektkompetanse, her arbeider administrasjonen vidare med rekruttering.

Noverande prosjektorganisasjon har ei tid hatt ansvaret for å fullføre utbyggingsoppgåver som er kalkulert og planlagt etter gammal prosjektorganisasjon, og vore bunden av «eldre» kalkyler, vedtak og kontraktar. Framover vil alle investeringsoppgåvene bli kalkulert, planlagt, prosjektert og styrt av den nye prosjektorganisasjonen.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 141	14/458

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
16/2014	Formannskapet	PS	12.02.2014
19/2014	Formannskapet	PS	26.02.2014
49/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Kommuneplan arealdel 2014-2026 - høyring og offentleg ettersyn

Vedlegg:

Planbeskrivelse 19 05 2014

Konsekvensutgreiinger 19 05 2014

Konsekvensutgreiingskart 19 05 2014

Temakart til kommuneplanens arealdel Meland 2014

Føresegner Arealplan Meland kommune 22 05 2014

Arealplankart 23 05 2014

Saksopplysningar:

1 Bakgrunn

Meland formannskap vedtok i sak 164/10 oppstart av rullering av kommuneplan, samfunnsdel og arealdel. Rammene for rulleringa, hovudtema og opplegg for planprosessen er lagt i planprogrammet. Planprogrammet er fastsett i kommunestyret i sak 43/11. Kommuneplanen er lovheimla i pbl av 27. juni 2008 nr.71.§11-5. Kommuneplanen sin arealdel er rettsleg bindande for kommunen si utvikling, utbygging, arealbruk no og i framtidige områder.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunestyre sit fremste styringsverktøy i høve det å påverke utviklinga av kommunen i den retning vi ynskjer. Det er difor viktig at politikarane set seg i førarsete og tek ansvar for korleis vi vil at Meland kommune skal utvikle seg. Dette gjer vi ved å vere tydelige på kva som er berekraftig utvikling. Ikkje ved å la planen bli ein sum av private innspel slik at ingen skal bli skuffa. Politiske grep om arealutviklinga i kommunen handlar ikkje om å påverke kven som får innspela sine gjennom, men å ta ansvar for kva utbyggingsmønster og utbyggingstakt vi skal ha i kommunen.

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og vedtekne arealstrategiar for kommuneplanen sin arealdel er det lagt eit godt grunnlag for sjølve arealdelen til kommuneplanen.

Det er difor ein del spesielle vurderingar formannskapet bør gjere når dei tek stilling til framlegg til kommuneplanen sin arealdel.

- Tomtestorleik og utnyttingsgrad, då dette betyr noko for kva type bustader vi ynskjer å leggje til rette for. Når tomtene har ein gjennomsnittleg storleik på 0,5 daa betyr dette at det i vesentleg grad vert lagt til rette for fleirmannsbustader og mindre bueiningar. Ynskjer vi større vekt på einbustader må vi vurdere å auke tomtearealet, og dermed få færre bueiningar i felta.
- Kor mykje skal setjast av til friområde, grønstruktur og vegar inne i felta. I planframlegget er det rekna at 30 % av samla areal går til slike føremål. Er dette nok?
- Kor stor årleg folkevekst tåler vi? Er det godt nok å regulere dette gjennom reguleringsplanar ? Eller bør vi og regulere dette gjennom kor stort areal vi legg inn til nye bustadar/bustadfelt?

På den andre sida er det viktig å tenkje langsiktig. Det kan vere eit poeng å reservere gode tomteområder for framtidig bustadbygging allereie no, for å hindre at områda sin verdi som tomteland vert redusert grunna andre aktivitetar i same område. Dette er mogeleg å gjere sjølv om ein ikkje opnar felta for utbygging i kommuneplanperioden.

Arealdelen av kommuneplanen omfattar

Planomtale	Plankart	Føresegner
Ei skildring av føremålet og verknader samt tilhøve til gjeldane rammer og retningslinjer	Eit juridiske bindande kart som viser eksisterande og framtidig arealbruk samt eventuelt omsynsoner. Plankartet må lesast saman med føresegnene	Juridisk bindande krav til arealbruk som utdjuper plankartet.

Organisering av arbeidet

Samfunnsplanleggjaren har våre prosjektleiar

Rådmannsgruppa/leiarkollegiet har vore styringsgruppe og bidrege med viktige avklaringar og kvalitetssikring av arbeidet.

Det har vore møter med lokale interessentar og regionale styresmakter. Sentrale problemstillingar har vore lagt fram og drøfta i Planforum i regi av Hordaland fylkeskommune, i tillegg til anna dialog med ulike instansar. Det har vore møter med ulike interessegrupper der kommuneplan har vore tema, t.d næringsliv, idrettsrådet og Fellesrådet.

Ulike interne arbeidsgrupper som har bidrege med kompetanse og kvalitetssikring i dei ulike prosessane. Det har vore fagleg medverknad i form av arbeidsmøter der mellom anna fagområda landbruk, byggesak, VVA, skule, helse, barnerepresentant har vore representert.

Politisk styringsgruppe er formannskapet i Meland.

Ved oppstart varsla ein rullering både av samfunnsdel og arealdel, undervegs i prosessen vart det politisk fremja ynskje om å vedta samfunnsdelen først. Samfunnsdelen og planstrategi vart sendt ut på høyring i FS-052/13 og er klar for sluttbehandling i kommunestyre.

Om planarbeidet

Arealdelen byggjer på kommuneplanen sin samfunnsdel, som har fyljande hovudmålsetjingar:

- Vi skal medvirke til, og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei berekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenkje folkehelse i alt vi gjer

Arbeidet med arealplanen er styrande for overordna arealforvaltning. Dette tyder å samordne bruk og vern av areal. Hovudtema som ligg til grunn for denne rulleringa viser i korte trekk kva hovudutfordringar Meland kommune har på arealsida.

Vurderingane i planen bygger på arealstrategiar vedtekne i FK Sak 170/11. Det er utarbeida temakart som viser detaljar og informasjon som ikkje er teke inn i kommuneplankartet. Temakarta har ikkje juridisk verknad slik som kommuneplankartet har. Temakarta har likevel vore førande for utarbeidinga av sjølve plankartet og har blitt brukt til å vurdere konflikt og avklare utbyggingsområder. Temakarta skal i stor grad vere førande for sakshandsaming og gje betre bakgrunnsinformasjon.

Oversikt over temakart:

- **Natur:** Kystlynghei, artsførekomstar, inngrepsfrie naturområder, naturtypar, naturvernområder og verna vassdrag.
- **Friluftsliv:** Barnetråkk, regionale friluftsområder, statlege og kommunale friluftsområder og turkart.
- **Landbruk:** Kjerneområde jordbruk og kulturlandskap, økonomisk drivverdig skog.
- **Landskap:** Landskapsanalyse, funksjonell strandsone, aktsemdkart steinsprang.
- **Kystdata:** Farleier, kaste-/låssetjingsplassar, fiskeplasser, gyteområder og akvakultur.
- **Kulturminner:** Kulturminner og SEFRAK.
- **Andre:** Støysonekart.

I tillegg har administrasjon i arbeidet med arealdelen også nytta mykje data vi ikkje har utarbeida temakart for. Døme kan vere artskart, trafikkdata, høgspenteleidningar, forureina grunn, vatn og avlaup, skredhendingar, demningar, farlig stoff og eksplosivar.

Om planen

Planomtalen viser i detaljer kva områder som har fått eit nytt arealføremål og korleis ein har arbeida fram dei ulike løysningane i kartet, innan tema: bustadområde, fritidsbusetnad, sentrumsføremål og grav- og urnelunde.

Vidare offentleg og privat tenesteyting, idrettsanlegg og råstoffutvinning/ jorddeponi næringsverksemd, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, grønstruktur, naturområder, turdrag.

Det er og peika på areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbusetnad, landbruk som næring LNF – spreidd, småbåtanlegg, kommunale kaier, naustområder, akvakultur, fiske og omsynsoner.

Under følgjer korte oppsummeringar av dei mest sentrale tema i planen:

Næring

Etablering av gode rammer for næringsutviklinga vil ha mykje å seie for framtidig utvikling i kommunen, både når det gjeld samfunn og økonomi. I planframlegget er Frekhaug, Midtmarka på Flatøy, Mjåtveit Næringspark og Mjåtveitmarka områder som vert foreslått som næringsområder. Som reserve er det lagt ut eit større areal nord på øya som vil bli realisert dersom det vert etablert ny veg over øya (Sambandet vest). Samla er det gjort framlegg om å setje av 2147 dekar til næringsareal.

Bustader

Det er kome inn svært mange innspel om å legge ut areal til bustader. I planprogrammet er det ikkje sett noko grense for etablering av nye bustader. Meland er den kommunen i Hordaland som får sterkast prosentvis folkevekst dei neste åra. Ved utgangen av desember 2013 er det 7539 innbyggjarar i kommunen. Folketalet er venta å vekse med 2,8 prosent i gjennomsnitt kvart år fram til 2030. Dette viser Hordaland fylkeskommune sin prognose for utvikling i folketal. I planperioden fram til 2026 er framskrive folketal på 10802 (Høy nasjonal vekst.) i fylgje statistisk sentralbyrå. Dette betyr ein folkevekst på 3263 personar frå eit folketal på 7539 i 2014.

Meland er ein randkommune til Bergen, og opplever eit stort press på bustadbygging. Arealbehov for bustadføre mål er vurdert på bakgrunn av byggeaktivitet dei siste åra, arealreservar i gjeldande planar, tendensar i eigedomsmarknaden, folketalsutviklinga og den alminnelige samfunnsutviklinga. I kommuneplanssamanheng er det naudsynt å ha ein viss overkapasitet på bustadområde, då store delar av utbyggingsområde er i privat eige. Tilbodet i marknaden vert i stor grad styrt av private utbyggjarar sine prioriteringar i høve til etterspørsel og kva som er lønsamt. Det reelle utbyggingsbehovet let seg realisere kontinuerlig i planperioden gjennom reguleringsplanar.

Administrasjonen kjem med framlegg om tre relativt store områder det det er sett av areal til bustader. Det er framlegg om å leggje ut nytt areal på 1272 daa til bustadføre mål i perioden. Dette kan gje rom for omlag 1800 nye bustader. Når vi ser det samla med arealet som framleis er ubyggt i gjeldande plan og nytt areal det er gjort framlegg om, er det rom for omlag 2974 bustader i perioden. Tal på bustader er rekna ut i frå at 30% av arealet går vekk grunna terreng, veger og grønt/fellesareal. Resterande areal er delt i ei gjennomsnittleg tomtestørrelse på 0,5 daa, med ei blanding av ein bustader og leilegheiter. Ved utbygging av kunn ein bustader er talet på bustader det same som «areal i daa». Ut frå ein middelverdi på 2,5 personar pr. husstand er det i planperioden tilrettelagt for ein auke på 7435 personar. Dette er 4172 fleire innbyggjarar enn det som er med i SSB sine prognoser for folkevekst.

Tilrettelegging for så mange nye bustader kan skape økonomiske utfordringar for kommunen i høve til infrastruktur. Samstundes er det og kome signal frå statleg hald at kommunar som Meland bør opne for bustadbygging, då vi er under ein felles regional bu og arbeidsmarknad med etterspørsel etter areal.

Rekkjefylgjekrava vil styre utbyggingstakten og gje kommunen handlingsrom i høve til utvikling, særleg innanfor teknisk infrastruktur. Reguleringa av områda er bunde av rekkjefylgjekrav. Fosse - Midtmarka er eit slikt område, som også er ein del av den regionale aksa Frekhaug - Knarvik- Åsane. Rekkjefylgjekrava vil gjelde infrastruktur som utbetring av Fossekrysset FV 564 ved brua over Krossnessundet og etablering av gang og sykkelveggar. Dette er kostnadsnevjande tiltak og dersom det skal vere realistisk å få det gjennomført må fleire utbyggjarar gå saman om kostandane.

Det er og lagt inn framlegg om eit litt større felt i tilknytning til eksisterande busetnadsstruktur frå Frekhaug mot Mjåtveit, dette ligg på Dalstø. I Rosslund krins har det vore etterspurd større bustadområder. Her er det difor lagt ut relativt store areal på Ryland og Vikebø. Det er og lagt ut nokre mindre areal på Io, Flatøy og Holme. Vidare er det framlegg om mindre områder og fortetting i plan.

Oversikt over nytt areal til bustader i planperioden.

Bustad	Områdenamn	Areal i daa
Nye og vesentleg utvida områder		
B_1	Flatøy	36
B_2	Flatøy	18
B_3	Litlebergen - Fosse	223
B_4	Moldekleiv	37
B_5	Langeland	22
B_6	Mjåtveit	15
B_7	Mjåtveit	8
B_8	Mjåtveit	102
B_9	Mjåtveit - Dalstø	212
B_10	Holme	66
B_11	Hoplansdalen	23
B_12	Ådland	75
B_13	Vikebø	89
B_14	Ryland	81
B_15	Ryland	167
B_16	Io	98
	Totalt nytt	1272

Landbruk som næring

Det er gjort framlegg om fleire områder i tilknytning til landbruk, der ein kan drive landbruksrealtert attåttnæring. Desse er merka med LNF – spreidd næring i plankartet. Slik vil Meland kommune vere med å aktivt leggje til rette for lokalisering av tilleggsnæringar i tilknytning til landbruket. I planframlegget er det framlegg om 10-12 gardstun der ein vil leggje til rette for næring i tilknytning til landbruk.

Naust /småbåthamner

Det er utført ei strandsoneanalyse der ein også har sett på høve til å leggje til rette for småbåthamn. Rosslandsvågen har eit marinaområde i innsegling, på nordvestleg side. Her er det mogeleg å utnytte området betre, ved ei utviding av eksisterande båthamn. Nye areal er lagt ut i Rosslandsvågen og Flatøyosen. Dette er lune område som er godt eigna for båthamn. Vidare er det lagt ut småbåthamn på Ådlandsvik og Eikeland. Det er og lagt ut relative mange små naustområder, i områder der det alt er eksisterande naustmiljø. Dette er difor karakterisert som fortetting.

Vidare er det peika på områder for grønstruktur, omsynsoner kulturmiljø og friluftsliv. Det er planar om å etablere ein kyststi frå Dalstø til Frekhaug. Det er og gjort endringar i høve til offentleg/privat tenesteyting, særleg er det framlegg om arealendringa i Frekhaugområde mot Sagstad. Her er det sett av areal til utviding av skule, idrettsplass og andre offentlege tenester.

Føresegner

Føresegnene til kommuneplanen, reguleringsplanar (områdeplan/detaljplan) skal sikre at føremålet med planen blir gjennomført innanfor rammene av plan- og bygningslova. Dispensasjonar er neppe til å unngå, men vi ynskjer å halde dette på eit minimum då prosessane er særstidkrevjande. Det er difor eit ynskje at plan med tilhøyrande føresegner er så tydelig og god at behovet for dispensasjonar vert redusert.

Rom for tolkingar av føresegene har gjeve utfordringar i høve til gjeldane plan. Det har difor vore lagt vekt på å få føresegner som er meir presise, med betre kvalitet. Det vil uansett alltid vere ein balansegang mellom kor detaljerte føresegnene skal vere og kor fleksibel planen skal vere. Blant grepa som er gjort i føresegnene er å gjere kravet om reguleringsplan gjeldande for nærast alle område som er sett av til bygg og anlegg.

Det er viktig for Meland kommune å skape kvalitet i reguleringsplaner. Det er her ein kan legge premisane for til dømes folkehelse, grønstruktur, plassering av leikeområder og klimatilpassing. Desse punkta er møtt gjennom føresegnene og retningslinjer. Kvalitet i reguleringsplaner kan særleg sikrast ved bruk av utbyggingsavtaler. Utbyggingsavtaler kan regulere tilhøve som ikkje vert fanga opp av reguleringsføresegner, men er avgrensa av dei nye føresegnene i kap. 17. i plan- og bygningslova. Utbyggingsavtaler er ein reiskap for å gjennomføre kommunen sin utbyggingspolitikk

Føresegnene er samla i eit eige vedlegg til arealplanen.

KU og ROS

I tråd med Plan og bygningslova § 4-2 skal det for alle kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging, utarbeidast ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn. Dette vert kalla ei konsekvensutgreiing (heretter KU). Ved utarbeiding av planer for utbygging, skal det utarbeidast ein risiko og sårbaranalyse (heretter ROS) i samsvar med pbl § 4-3.

Målet med analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til fare og framtidige ikkje ynskjelege hendingar, slik at naudsynte risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Føremålet er å vurdere verknader av ny arealbruk for miljø og samfunn, for å kunne ta stilling til om, og eventuelt kva for tiltak som må til for at planen kan gjennomførast. Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i innspel til rulleringa, også administrasjonen sine eigne framlegg. ROS-matrisa gjev høve til inndeling i grønne, gule og raude «funn» eller «soner». Desse funna samsvarar med dei vekttala som vurdering av sannsyn og konsekvens for den einskilde hendinga i det einskilde tiltaket kjem ut med.

Det er tre sårbare område som er vurdert – liv og helse, miljøskader og økonomi. I ROS-analysen er enkelte område som er tatt inn i planen komme ut med rødt, dette gjer at vi må gjerne avbøtende tiltak før vi går i gang med å regulere området. Det er særleg endringar i høve infrastruktur som gang og sykkelveg som må etablerast. Dette er teke med i føresegnene til planen.

Alle innspel til planen på endra arealbruk er konsekvensvurdert. Alle nye område som er teke inn i plankartet er ROS vurdert.

Konsekvensutgreiing - dokumentet er eit eige vedlegg.

Vidare prosess

Plandokumentet vert lagt ut på kommunen sine heimesider og i resepsjonen på rådhuset. Det vil bli ein høyringsperiode på 8 veker. I den perioden vert det folkemøter i kommunen, og opne kontordagar der folk kan kome og stille spørsmål i høve til planframlegget.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland legg ut kommuneplan, arealdel til offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) §11-14. Plandokumentet omfattar planomtale, plankart og føresegner

Formannskapet - 16/2014

FS - behandling:

FS - vedtak: